



VANYLVEN KOMMUNE
Sentraladministrasjonen

Norges Vassdrags- Og Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår referanse
19/10802 19/12748

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Kåre Kvangarsnes

Dato
06.09.2019

Høyring - nasjonal ramme for vindkraft

Kommunestyret har i møte 03.09.2019, sak 95/19, fatta følgjande vedtak:

1. Vanylven kommunestyre ber om at NVE sitt arbeid med nasjonal rammeplan på land vert avslutta.
2. Vanylven kommunestyre seier klart nei til all utbygging av vindkraft i Vanylven.
3. Vanylven kommunestyre ber også om at områda på Sunnmøre og Nordfjord i NVE sitt framlegg vert teke ut av rammeplanen.

Med helsing

Ane Malene Søvik Nygård

Kåre Kvangarsnes
politisk sekretær

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Mottakar
Norges Vassdrags- Og
Energidirektorat (nve)

Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO

Kopi til			
Eid Kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Hareid Kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Herøy Kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Sande Kommune	Rønnebergplassen 17	6084	LARSNES
Selje Kommune		6740	SELJE
Ulstein Kommune	Postboks 143	6067	ULSTEINVIK
Volda Kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA

Vanylven kommune
Rådhuset
6143 Fiskå

www.vanylven.kommune.no
postmottak@vanylven.kommune.no

Sentralbord: 70 03 00 00
Org. nr: 964 978 662
Kontonr: 4093.07.00195

Vågsøy Kommune
Ørsta Kommune

Postboks 294
Dalevegen 6

6701
6153

MÅLØY
ØRSTA



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
10/19	Driftsutvalet	22.08.2019
141/19	Formannskapet	27.08.2019
95/19	Kommunestyre	03.09.2019

Høyring - nasjonal ramme for vindkraft

Samandrag:

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har på oppdrag frå departementet utarbeida eit forslag med område i Norge som kan vere eigna for utbygging av vindkraft, og lagt dette ut på høyring. Sjølv om eit område er eigna, så er gir dette ingen rett til utbygging og det skal søkjast konsesjon for utbygging.

Deler av Vanylven kommune ligg inn i eit av områda som NVE syner til som eigna for

vindkraft og kommunen må ta stilling til om vi skal gje høyringssvar. Det blir òg vist til at den 14. juni 2019 er det registrert eit innbyggjarinitiativ på misak.no om vindkraft i Vanylven kommune. Der dei ber om:

at Vanylven kommune kjem med ei høyringsutsegn til NVE sin nasjonale rammeplan for vindkraft på land innan høyringsfristen 1. oktober. Vi ber difor om at ordføraren syter for handsaming av saka i fyrstkomande kommunestyremøte. Vi ber om at kommunestyret varslar krav om vern mot utbygging av vindkraft på Hovda i Vanylven. Vi ber om at kommunestyret tek stilling til vern mot utbygging av vindkraft i heile Vanylven. Vi ber også om at kommunestyret uttalar seg når det gjeld vindkraftutbygging i våre grannekommunar i Nordfjord og på Sunnmøre.

Kommunestyre 03.09.2019:

Behandling:

Forslag til vedtak (som alt.1 frå driftsutvalet, foreslått av Bjarne Sætrenes, Framstegspartiet Vanylven kommune ber om at NVE tek omsyn til naturmiljø, landskap, friluftsliv, reiseliv og naboeverknadar for ekskludering av utbyggingsområde i kommunen.

Votering:

13 røyster for tilrådinga frå formannskapet.

6 røyster for framlegget frå varaordførar Bjarne Sætrenes.

KO- 95/19 Vedtak:

1. Vanylven kommunestyre ber om at NVE sitt arbeid med nasjonal rammeplan på land vert avslutta.

2. Vanylven kommunestyre seier klart nei til all utbygging av vindkraft i Vanylven.
3. Vanylven kommunestyre ber også om at områda på Sunnmøre og Nordfjord i NVE sitt framlegg vert teke ut av rammeplanen.

Formannskapet 27.08.2019:

Behandling:

Høyring nasjonal ramme vindkraft, foreslått av Ottar Jan Løvoll, Arbeidarpartiet

Formannskapet tilrår:

1. Vanylven kommunestyre ber om at NVE sitt arbeid med nasjonal rammeplan på land vert avslutta.
2. Vanylven kommunestyre seier klart nei til all utbygging av vindkraft i Vanylven.
3. Vanylven kommunestyre ber også om at områda på Sunnmøre og Nordfjord i NVE sitt framlegg vert teke ut av rammeplanen.

Varaordførar Bjarne Sætrene sette fram alternativ 1 i tilrådinga frå driftsutvalet:

Vanylven kommune viser til forslag frå Noreges Vassdrags- og energidirektorat (NVE), og kommunen vil gje følgjande høyringssvar:

Vanylven kommune ber om at NVE tek omsyn til naturmiljø, landskap, friluftsliv, reiseliv og naboeverknader for ekskludering av utbyggingsområde i kommunen.

Idar Brekke sette fram alternativ 2 i tilrådinga frå driftsutvalet:

Vanylven kommune viser til forslag frå Noreges Vassdrags- og energidirektorat (NVE), og kommunen vil gje følgjande høyringssvar:

Vanylven kommunestyre krev at området for landbasert og kystnær vindkraftutbygging på Sunnmøre vert teke ut av planen, og viser til innbyggjarinitiativet om å seie nei til vindturbinar i Vanylven kommune.

Votering:

Først vart framlegget frå Ottar Jan Løvoll vart sett opp mot framlegget frå Idar Brekke.

3 røyster for framlegget frå Ottar Jan Løvoll.

3 røyster for framlegget frå Idar Brekke.

Med ordførarens dobbeltrøyst vart framlegget frå Ottar Jan Løvoll tilrådd.

Deretter vart framlegget frå Ottar Jan Løvoll sett opp mot framlegget frå varaordførar Bjarne Sætrenes.

5 røyster for framlegget frå Ottar Jan Løvoll.

1 røyst for framlegget frå varaordførar Bjarne Sætrenes.

FO- 141/19 Vedtak:

Formannskapet tilrår:

1. Vanylven kommunestyre ber om at NVE sitt arbeid med nasjonal rammeplan på land vert avslutta.
2. Vanylven kommunestyre seier klart nei til all utbygging av vindkraft i Vanylven.
3. Vanylven kommunestyre ber også om at områda på Sunnmøre og Nordfjord i NVE sitt framlegg vert teke ut av rammeplanen.

Driftsutvalet 22.08.2019:

Behandling:

Driftsutvalet tilrår samrøystes to alternativ til vedtak.

DU- 10/19 Vedtak:

Driftsutvalet tilrår:

Vanylven kommune visert il forslag frå Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE), og kommunen vil gje følgjande høyringssvar:

Alternativ 1:

Vanylven kommune ber om at NVE tek omsyn til naturmiljø, landskap, frilutsliv, reiseliv og naboeverknader for ekskludering av utbyggingsområde i kommunen.

Alternativ 2:

Vanylven kommunestyre krev at området for landbasert og kystnær vindkraftutbygging på Sunnmøre vert teke ut av planen, og viser til innbyggjarinitiativet om å seie nei til vindturbinar i Vanylven kommune.

Rådmannen si tilråding:

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 27.08.2019 - 141/19

Formannskapet tilrår:

1. Vanylven kommunestyre ber om at NVE sitt arbeid med nasjonal rammeplan på land vert avslutta.
2. Vanylven kommunestyre seier klart nei til all utbygging av vindkraft i Vanylven.
3. Vanylven kommunestyre ber også om at områda på Sunnmøre og Nordfjord i NVE sitt framlegg vert teke ut av rammeplanen.


Saksopplysningar:

I saka som no ligg føre, skal Vanylven kommune ikkje uttale seg om ei konkret utbygging, men om styringsverktøy knytt til område («analyseområde 20») som kan eigne seg for utbygging av vindkraft. Innanfor desse område er det likevel område som er ekskludert på grunn av ulike omsyn, jfr side 154 i rapporten:

«En del av arealet innenfor det utpekte området er ekskludert, og skal derfor ikke regnes som en del av området (Figur 70). De harde eksklusjonene skyldes hovedsakelig dårlige vindforhold i noen dal-/fjordstrøk, verneområder på Hareidlandet og innflygingssonen til Ørsta/Volda lufthavn. De myke eksklusjonene omfatter blant annet:

- et helhetlig kulturlandskap i Hareid
- svært kuperte og skredutsatte områder
- nedslagsfelt for drikkevann
- områdene rundt åtte sendere i det digitale bakkenettet for TV-signaler
- områder med mer enn tre støyfølsomme bygg per kvadratkilometer»

Følgjande kart som viser dei ekskluderte område i fargar, side 155 i rapporten;



NVE har i sin rapport vidare peika på følgjande som er viktig å vurdere, dersom det kjem søknadar om utbygging av vindkraft i dei områda som ikkje er ekskludert, side 156 i rapporten:

«Til tross for at det er pekt ut som et av de mest egnede områdene, er det mange viktige miljø- og samfunnsinteresser i området. Egnetheten må vurderes konkret i en konsesjonsbehandling før det kan bygges vindkraftverk. Under presenteres noen av interessene som kan være viktige ved planlegging og behandling av vindkraftprosjekter. Oversikten er hentet fra analyseskjemaene for analyseområde 20, og er ikke uttømmende»

NATURMILJØ

Hele området har svært gode bestander av havørn. Det er også gode bestander av vandrefalk i fjordområdene og av kongeørn i fjellområdene. Hubro har blitt kartlagt

grundig både i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal de siste årene. Arten har gått sterkt tilbake i begge fylker, men hekker for tiden på Gurskøya og i indre deler av Selje.

Det utpekte området vurderes som gjennomgående attraktivt for flaggermus og dermed med stort potensial for funn, basert på høydemodell og terreng. Dette gjelder særlig øyer og odder ut mot havet.

De ytre delene av det utpekte området har store områder med kystlynghei og terrengdekkende myr (kystnedbørsmyr). Grenseområdet mellom Sunnmøre og Nordfjord er kjent for ultramafiske bergarter med olivin og særpreget olivinskog.

LANDSKAP, FRILUFTSLIV OG REISELIV

Området fra Bremangerlandet og nordover til Runde, Hareid og Sula er eksempel på landskapselementet næringskyst, som er flate fjellheier som ender brått og bratt mot havet. Tilsvarende landskap finner man stort sett bare i Finnmark.

Gurskøya-Dimna (med Haugshornet) er et viktig friluftsområde med regional betydning, i hovedsak for kommunene Sula, Ålesund og omland.

Både Sunnmørs- og Nordfjordregionen er i stor grad profilert som reiselivsregioner, og det utpekte området omfatter en del av det norske fjordlandskapet som er viktig for reiselivsnæringen. I den nordlige delen av området ligger innseilingen til Geiranger og andre viktige fjordområder på Sunnmøre.

NABOVIRKNINGER

Det er mye bebyggelse i det meste av området, særlig langs fjordene. Avstandskrav til støyfølsom bebyggelse kan dermed være en viktig begrensning i eventuelle konsesjonssaker.»

Generelt er det ein viss motstand i befolkninga mot utbygging vindkraft, både i forhold til inngrep i naturen, støy og skade på fuglar. Det blir her vist til artikkel i Teknisk Ukeblad (TU) den 30. mars 2019, der statskraft si konserndirektør uttale følgjande på Vinterkonferansen 2019:

«Vi ser et økende konfliktnivå som vi som næring vil lide under om vi bygger mer enn det det er folkelig aksept for.»

Bakgrunnen for denne uttala var NVE sitt forslag om «Nasjonale ramme for vindkraft», og konserndirektøren varslar samstundes at Statskraft ikkje vil byggje ut fleire vindparker i Norge, etter at vindparkane på Fosen; i Kvinesdal og på Remmafjellet er ferdige. Olje- og energiministeren Kjell Børge Freiberg var i same artikkel i TU sitert på at det er viktig å lytte til innvendingar som kjem i vindkraftsaker, og uttalte:

«Vi må gjøre dette på ein klok måte. Det er ikke uvesentlig hva en kommune mener om anlegg som skal komme hos seg, og det er en del av konsesjonsbehandlingen.»

Det som er viktig å understreke er at det ikkje blir utbygging av vindkraft utan at ein aktuelle utbyggjar. I vårt nærområde er Tussa AS ei aktuell utbyggjar, men her har direktør Elling Dybedal uttalt følgjande til Vestlandsnytt den 23. mai 2019:

«Vi var mellom interessentane både med tanke på Haugshornet vindpark og ei eventuell utbygging i Vanylven for ein del år tilbake. Men motstanden var stor, og det vart jamvel slått fast at vindressursen ikkje er god nok. Difor er det litt overraskande at dei same områda no kjem på bordet som aktuelle igjen. Utover det kan eg berre slå fast at Tussa ikkje har noko planar om å engasjere seg i vindkraft for tida.»

Det er viktig å understreke at det er konsesjonsbehandlinga som er avgjerande for om det blir gjeve konsesjon eller ikkje, og ikkje om område er definert som eigna for utbygging. Det går klart fram av rapporten frå NVE, og det blir sitert frå rapporten:

«NVEs forslag til de mest egnede områdene for ny vindkraft er et resultat av

omfattende analyser. Disse analysene er utført på et overordnet nivå. Det følger av metodene som er anvendt at det vil være mange steder innenfor de utpekte områdene som er lite egnet for vindkraft. Samtidig kan steder utenfor områdene være egnet. Enkeltprosjekter må derfor vurderes konkret i en konsesjonsbehandling før det kan avgjøres om et sted er egnet for vindkraft. Kartet kan likevel brukes som et styringsverktøy for hvilke områder som vil bli prioritert framover. Det vil være mulig å søke om konsesjon også utenfor de utvalgte områdene. Som det framgår av oppdragsbrevet fra OED, skal det imidlertid være vanskeligere å få konsesjon i et område som ikke er pekt ut i den nasjonale rammen. NVE legger ikke opp til å gi slike saker samme prioritet.

NVE mener samtidig at noen typer konsesjonssaker bør behandles uavhengig av kartet med de utpekte områdene. Dette gjelder blant annet små vindkraftverk nær eksisterende infrastruktur og reetableringer og utvidelser av eksisterende vindkraftverk. Når det gjelder behandling av søknader om utsatt frist for idriftsettelse for vindkraftverk med eksisterende konsesjon, legger vi opp til å gi korte utsettelse dersom det er pågående aktivitet eller andre gode grunner til at søknaden bør innvilges. Utover dette vil vi bruke kartet på samme måte som for nye saker.»

NVE bad i brev av 8. juni 2018 om innspel til aktuelle utbyggingsområde for vindkraft, før den framlagte rapporten var utarbeida. I Møre og Romsdal var det berre Sula kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Ålesund-Sunnmøre Turistforening som gav uttale. Her var det gjeve følgjande uttale frå Ålesund-Sunnmøre Turistforening i brev av 18. oktober 2018:

«I analyseområde 20 er det nordre del fra fylkesgrensa til Sogn og Fjordane og opp til Sula som er vårt medlemsområde. Som nevnt i innledningen er det ikke blitt tid til å gjøre en grundig analyse av hele området til sammen. Det vi kan være helt klare på er at vestlige delen av Sula kan tas vekk fra analyseområdet, eventuelt skraveres grått, hvis det er noen hjelp i. Sula har et flatt platå, men svært bratte sider til alle kanter. Med de veiene som er nødvendige i et vindkraftanlegg vil det bli enorme skjæringer i fjellsidene uansett hvilken side av øya de kommer på. Det er også to naturreservat sør og sørvest på øya som det vil være vanskelig å ikke berøre ved veibygging opp til platået vest for Vardane. På øst- og nordsiden av øya er det helt uaktuelt med veibygging av denne størrelsen da dette er et svært mye brukt turområde for veldig mange. Sula er et regionalt viktig friluftsområde for hele Ålesundsområdet, og er også veldig synlig i innseilinga til Storfjorden/Geiranger.

Lignende problemstilling vil man også ha på Gurskøya, og ikke minst i det småkuperte terrenget i Vanylven.

Ved eventuelle søknader vil vi måtte invitere frilufts-, miljøorganisasjoner og enkeltpersoner for å kunne gi en god vurdering lokalt.

Generelt er vi skeptisk til omfanget og planene for vindkraft på land, og tviler på at dette er den rette måten å dekke inn behovet for grønn energi på.»

Møre og Romsdal fylkeskommune har i brev av 11. juni 2018 gjeve mange generelle innspel knytt til naturmiljø, turisme med meir, men fylkeskommunen har ikkje gjeve konkrete innspel til analyseområde 20, utover følgjande:

«Den generelle kommentaren vil vere at reiselivet i Møre og Romsdal i stor grad er basert på naturkvalitetar i kombinasjon med kulturhistoriske element. Vindkraftanlegg vil i stor grad kunne påverke dei opplevde kvalitetane. Internasjonale destinasjonar i så måte er Geiranger-Trollstigen, Atlanterhavsvegen (som begge er nasjonale turistvegar) og Runde. For dei to sistnemnde viser vi til kulturfaglege merknader og vedleggskarta.»

Innspela frå Ålesund-Sunnmøre Turistforening og Møre og Romsdal fylkeskommune

er innspel som er kome til NVE før rapporten var lagt fram. I etterkant av at rapporten er lagt fram av NVE, er det registrert eit lokalt engasjement rundt tema om vindkraft. Det var mellom anna arrangert eit folkemøte i kommunestyresalen 28. mai 2019, der kommunalsjef for teknisk sektor var tilstade. Vidare er det no eit innbyggjarinitiativ som ber Herøy kommune om å gå i spissen for å seie nei til utbygging av vindkraft i vårt nærområde. Det blir sitert frå det som er lagt ut på misak.no den 14.juni 2019:

Underskriftsliste for alle innbyggjarar i Vanylven kommune:

Vi ber om at Vanylven kommune kjem med høyringsutsegn til NVE sin nasjonale rammeplan for vindkraft på land innan høyringsfristen 1. oktober. Vi ber difor om at ordføraren syter for handsaming av saka i fyrstekomande kommunestyremøte. Vi ber om at kommunestyret tek stilling til vern mot utbygging av vindkraft på Hovda i Vanylven. Vi ber om at kommunestyret tek stilling til vern mot utbygging av vindkraft i heile Vanylven. Vi ber også om at kommunestyret uttalar seg når det gjeld vindkraftutbygging i våre granne kommunar i Nordfjord og på Sunnmøre.

Vurdering og konklusjon:

NVE sitt grunnlag er ikkje ei regulering for utbygging av vindkraft, men ein oversikt over område som kan vere aktuell for utbygging. Vanylven kommune kan be NVE ta omsyn til turismen og naturmiljø, for å understreke det som Ålesund- Sunnmøre Turistforening og fylkeskommunen har gjeve som innspel i 2018.

Sjølv om Vanylven kommune i utgangspunktet skal kome med høyringsinnspel til den nasjonale ramma for utbygging av vindkraft, så kan kommunestyret sjølv sagt òg seie prinsipielt nei til vindkraft.

Når det gjeld innbyggjarinitiativet, blir det vist til at det den 14. juni 2019 er kome inn 109 underskrifter og saka skal såleis til handsaming i kommunestyret som eit innbyggjarinitiativ.

Rita Kvamme
Rådmann

Terje Kolstad
kommunalsjef